

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Haalandsdal

Emne: Beit og brom.

Bygdelag:

Oppskr. av: Anders Solaas

Gard: Solaas

(adresse): Holdhus

G.nr. 70 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Namnet paa dette hjelpeforet er hjaa oss "Ris"
Ris har vore nytta her i uminnelege tider og er ikkje so lite brukt enno. Til kyrne brukar ein helst ris av bjørk, men tunnaste kvistene av osp, raun og ask er og brukt noko.

Bar av furu og einer, helst det siste er brukt til sau og geit. Eieren ber ein inn til dyra so stor den er, Dyra et daa av det finaste og friskaste baret, det som att vert bore fraa dei att og seinare brukt til røyking sild, kjøt og fleisk, eller det vert brukt til brensel.

Arbeidet med aa henta dette foret heim kalla ein: "Aa risa". Serskildt slede til aa draga eller køyra riset heim paa har eg ikkje høyrte om. Det er paa etterjuls-vinteren ein bruka aa risa, og allermost paa vaarparten. Før kunne ein nok sankaa heim store mengder av risved som ein hadde liggjande i kost. "Riskosten". Det var før ofte lengre veg etter det enn no det er. Etter at geitehaldet vart mindre paa gardane, veks bjørka opp i store mengder overalt her, so vegen no er so etter blørkeris at ein no henter heim etter kvart ein bruka det.

Namnet brom har me ikkje. Me kaller det ris om vaaren og, etter at bjørka har skote knupp.

Til aa kviste av med brukast sigd, ieseinare tid er og brukt ein kassert ljaa med paasett treskaft.

Riset vert bore inn til kua i fjøset. Det er ikkje brukt aa sleppaa kyrne ut i riskosten. Det trur eg ikkje var brukt før i tida heller.

Nokon skikk som nemd i sp. 7 kjenner me ikkje her.

